



















Verktøy for å konkretisere eiga bekymring

Observasjonsskjemaet under er tenkt som hjelp til å finne ut kva som gjer det bekymra for eit barn/ein ungdom. Målet er ikkje å finne årsak og tolkingar, men å kunne formidle observasjonar som skaper undring. Kva er det du faktisk ser, høyrer, observerer?

Bruk gjerne verktøya bekymringskala barn og unge (vedlegg 1) og bekymringskala for foreldre/føresette (vedlegg 2) som hjelp når du arbeider med observasjonsskjemaet. Skjemaet er meint som hjelp, og kan nyttast ilag med barnet/ungdommen og/eller føresette. Du kan nytte skjemaet som eit hjelpemiddel utan å føre på personalia, men dersom personalia vert fylt ut skal skjema arkiverast.

Observasjonsskjema barn og unge (0-18 år)

Kva vanskar har barnet og korleis kjem dei til uttrykk? Nytt egne ord om kvifor du er uroa			
Kva ressursar har barnet, og korleis kjem dei til uttrykk?			
Korleis er utviklinga i forhold til barnet sine følelsar? Humør, sjølvtilitt, reaksjonsmåtar ved frustrasjonar			
Korleis meistrar barnet å delta i sosiale situasjonar? Tilknytning til foreldre og andre vaksne, forhold til andre barn			

				
<p>Korleis fungerer barnet i forhold til andre barn på same alder? Interesse, evne til konsentrasjon og planlegging, barnet sin kunnskap om omgjevnaden, språk, motorikk og liknande.</p>				
				
<p>Korleis er den fysiske tilstanden til barnet? Helse, hygiene, påkledning, trøttheit, kosthald</p>				
				
<p>Har barnet spesielle særpreg?</p>				
				
<p>Kva kompetanse har foreldra med omsyn til barnet sine behov? Er der ressursar i barnet sitt nettverk?</p>				
				
<p>Andre kommentarar</p>				
				
Namn på barnet:	Ditt namn:	Arbeidsstad:		
Fødselsdato:	Dato:	Signatur:		

Vedlegg 1: Bekymringskala barn og unge

Ver oppmerksom		Grunn til bekymring		
Barn med generelt god trivsel	Barn med redusert trivsel	Barn med behov for tilrettelegging	Barn med behov for spesiell støtte	Barn med risiko for skade
Barnet utviklar seg normalt, både sosialt, fysisk og intellektuelt. Normale og naturlege endringar og trivsel.	Barnet er utsett for lette, men konstante belastningar og viser teikn på mistrivsel. Barnet er utsett for ein større, men forbigåande belastning og viser teikn på mistrivsel – barnet kan t.d vere påverka psykisk og sosial av ei bestemt hending. Barnet kan ha utfordringar med språk, kommunikasjon, læring, motorikk, sosialt eller emosjonelt.	Barnet viser tydelege teikn på at der er noko gale/mistrivsel. Barnet gir signal i form av endra åtferd, -emosjonelt, sosialt, motorisk, språkleg og evt. redusert hygiene.	Barnet er utsett for belastning over tid og viser tydelege teikn på mistrivsel/at noko er gale. Barnet fungerer dårleg og utviklar seg i ei negativ retning på eit eller fleire utviklingsområde. Barnet kan ha vanskar med å knytte seg til andre eller skape relasjon til andre barn eller vaksne.	Barnet mistrivst sterkt Barnet fungerer svært dårleg og viser tydelege teikn på forseinka utvikling. Barnet: -har psykiske lidingar -er kontaktsvak -misbruker rusmidlar og/eller utfører kriminelle handlingar
God foreldreomsorg. Føresette søker rådgiving dersom barnet i ei periode ikkje trivast. Føresette søker hjelp ved å kontakte lege, helsestasjon, barnehage, skule ol.	Foreldreomsorga er god. Føresette tek imot råd rettleiing frå lærar, førskulelærar, helsesøster osv.	a) Foreldreomsorga er god. b) Foreldreomsorga er midlertidig redusert f.eks. på grunn av sjukdom, krise, dødsfall, arbeidsløyse.	a) Foreldreomsorga er god, men belastninga er stor. b) Foreldreomsorga er redusert.	a) Foreldreomsorga er god, men belastninga er stor b) Foreldreomsorga er utilstrekkeleg / svært redusert. c) fråverande omsorg. Foreldre er sterkt prega av personlege, psykiske, sosiale, økonomiske forhold, og/eller faktorar i nettverket.
Nivå 1 Utfordringane handterast i eiga avdeling.	Nivå 1 Utfordringane handterast i eiga avdeling.	Nivå 2 Utfordringane krev bistand frå andre tenester.		Nivå 3 Utfordringane vert løyst i samarbeid med andre tenester. Akutt plassering må vurderast.

Vedlegg 2: bekymringskala for foreldre/føresette

Ver oppmerksom		Grunn til bekymring	
Signal frå foreldre/føresette der foreldreevna verkar å vere god	Signal om at foreldreevna kan vere redusert	Signal om at foreldre/føresette har eigne vanskar som påverkar foreldreevna	Signal hjå foreldre/føresette der barnevernet/politi skal varslast
<p>Foreldreomsorga er god.</p> <p>Føresette søker rettleiing/råd dersom barnet i ei periode ikkje trivast.</p> <p>Føresette søker hjelp ved å kontakte lege, helsesjuepleiar, barnehage, skule eller liknande.</p>	<p>Føresette har uregelmessig fram møte.</p> <p>Føresette let andre hente og levere barnet.</p> <p>Barnet manglar utstyr, klede etc. over tid.</p> <p>Mangel på engasjement eller høgt konfliktnivå i samspel mellom barn og forelder/føresett.</p> <p>Føresette let vere å delta på møter og arrangement.</p> <p>Foreldra sluttar å overhalde avtalar, melder avbod i siste liten eller kjem med ulike forklaringar på kvifor dei ikkje kan delta på møter eller anna som vert arrangert.</p>	<p>Fysiske framtoning er prega av:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Hyppig sjukdom - Lukt av alkohol - Verkar ustelt og likegyldig til eigen framtoning <p>Føresette er prega av:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Irritasjon - Isolasjon - Usikkerheit - Nervøsitet eller mismot - Manglande situasjonsforståing - Redusert fysisk eller psykisk omsorgsevne - Negativitet overfor barnet 	<p>Foreldreomsorga manglar heilt.</p> <p>Føresette er sterkt belasta i form av personlege, psykiske, sosiale, økonomiske og/eller nettverksmessige faktorar.</p> <p>Ulike tiltak er forsøkt, utan resultat.</p> <p>Føresette møter rusa opp for å hente barnet.</p> <p>Mistanke om vald, anten mot ein føresett eller mot barnet, eller mistanke om seksuelt misbruk.</p>
Nivå 0 Utfordringane handterast i eiga avdeling.	Nivå 1 Utfordringane handterast i eige avdeling.	Nivå 2 Utfordringane krev tverrfagleg samarbeid mellom ulike tenester.	Nivå 3 Utfordringane må løysast i tverrfagleg samhandling med tilviste tenester. Akutt plassering må vurderast.